



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 27.06.2012

Kommunal- og arbeidsdepartementet
Epost: postmottak@ad.dep.no.

Vår ref.
10/190-6/N-304/SHH

Dykkar ref.

Melding om politisk vedtak - Høyringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak

Viser til vedlagt utskrift av vedtak i Masfjorden kommunestyre den 21.06.2012.

KS-062/12 VEDTAK:

Som eigar av vekstbedrifta Einekavane A/S har Masfjorden kommune gjennom 8 år bygd opp eit godt verkemiddelapparat for målgrupper NOU omhandlar. Einekavane A/S er ei lita bedrift med berre 8 VTA plassar. Sidan starten har vi bygt opp eit breitt og godt tilbod av arbeidsoppdrag som er tilpassa den enkelte si yteevne. Vi har flinke og motiverte arbeidsleiarar som ser den enkelte kvar dag. Bedrifta har også eit godt samarbeid med kommunen sitt hjelpeapparat (heimeteneste, psykiatriteneste), noko som er viktig for å få eit godt og heilskapleg tilbod. Dette fungerer godt i dag.

Den kommunale eigarskapen er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet og sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarleggjering overfor bedrifta. Våre eigarrepresentantar i styret bedreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking, som er avgjerande for å skape gode løysingar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Denne kunnskapen vert best ivaretatt i modell 1, gjennom vidareutvikling av dagens system, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, Nav som bestillar og tiltaksbedrifta som leverandør.

Vi ser likevel at dette systemet har forbedringspotensiale. Mellom anna er det behov for meir heilskapleg attføringsløp, utan uhensiktsmessige tidsavbrot. I dag er ventetida for å kome inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig, då det medfører tap av motivasjon for den enkelte og i mange tilfelle fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. I denne samanheng er modell 1 si dreining frå aktivitetsretta til individretta tiltak eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støttar og krava i modell 1 om mellom anna oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksbedriftene og krav til endringsprosessar hos brukar. I tillegg blir det tatt til orde for å stille krav til ordinært arbeidsliv om å styrkje sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkje tilbodet til målgruppene.

Masfjorden kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal skje i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er budd på å overta det arbeidet som er foreslått i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunne føre til at dagens vekst- og attføringsbedrifter forsvinn. Saman med bedriftene vil også deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring bli borte. Dette er ekspertise som det vil vere svært vanskeleg å samle igjen når det viser seg at teoriane bak modell 2 ikkje stemmer med verkelegheita.

Vi stiller oss også sterkt kritiske til at det er riktig og hensiktsmessig at NAV vert gitt ei utvida rolle i attføringsarbeidet som arrangør av attføringstenester, slik modell 2 føreset. Etter vår mening bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfylgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glade for at fleirtalet av medlemmane i utvalet går inn for å vidareutvikle denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydeleg udekkja behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurransetsetjing

Den eigarskapsmodellen vi har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og bedriftene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbudsutsetjing. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet vert over tatt av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusere tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst bistands- og/eller tilretteleggingsbehov. Med kommunal eigarstruktur sikrar vi vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Mottakarar:

Kommunal- og arbeidsdepartementet